



## Notat

Dato: 23.04.2014  
Arkivsak: 2014/15569-1  
Saksbehandlar: torsan12

---

Til: Opplærings- og helseutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Arbeid for å sikre gjennomføring i kroppsøving

#### Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til vedtak i opplærings- og helseutvalet 18. mars, «Open time», der Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande forslag:

«Ynskjer ei orientering om kva som vert gjort for å sikra gjennomføring i kroppsøving i den vidaregående skulen.»

Tilstandsrapport for vidaregående opplæring 2012/13 viser at dei to siste åra har tal elevar som stryk eller får IV («ikkje vurdert») blitt redusert. Det er få elevar som stryk, og utfordringa ligg i elevane som ikkje får vurdering.

Opplærings- og helseutvalet slutta seg i møte 14.02.12, sak 9/12, til ei rekke forslag til tiltak for å auke gjennomføringa i kroppsøving. Sentralt i desse tiltaka var m.a.

- Aktiv dialog mellom flaglærarar, skulehelseteneste og rådgivarar for å få ei tett oppfølging av elevar som viser teikn til fråfall
- Delingskultur internt på skulen og mellom skulane
- Vurdering for læring gjennom at all vurdering skal ha eit læringsperspektiv

#### Oppfølging

Dei mest sentrale tiltaka som blei skissert i sak 9/12 vil også gjelde for dei fleste fag, og i skulebesøka blir kroppsøving tematisert der faget viser seg å vere ei utfordring for elevane. Gjennom besøka opplever vi at det blir jobba aktivt for å auke gjennomføringa i faget. Det er særleg vurderingspraksis og undervegs-vurdering som blir nemnt som innsatsområde.

I den årlege tilstandsrapporten som skulane skriv, blir det m.a. rapportert på karakteren 1 og IV i kroppsøving, og generelt skildra kva konsekvensar stryk og IV i alle fag har for utviklingsarbeidet på skulen. Vurdering som ein læringsfremjande aktivitet blir då ofte framheva.

Fleire skular har tematisert kroppsøving i sine utviklingsplanar, der ein t.d. jobbar med vurderingspraksis og kjenneteikn på måloppnåing. Opplæringsavdelinga har ikkje ei full oversikt over kva konkrete tiltak skulane jobbar med i faget, men døma under viser ei breidde i oppfølginga lokalt.

### **Oppfølging av elevar som står i fare for å få IV**

Mykje blir gjort på den enkelte skule for å aktivisere elevar som ikkje deltek i opplæringa, og som då står i fare for å få IV. Nokre konkrete døme henta frå FAU (fagutval) for kroppsøving og idrett viser m.a. at skulane gir eit variert tilbod.

- Tett dialog med elevane i starten på skuleåret – avklare utfordringar og leggje til rette deretter.
- Ekstra tilbod som elevar med særskilte behov kan søkje seg til. Tilboden er lagt i møtetida til lærarane, og utanfor ordinær undervisning.
- Gi elevane eit tilbod som medverkar til auka motivasjon i faget. Leggje til rette for allsidigkeit i opplæringa.
- Leige treningscenter, sal, m.m. for å auke graden av tilpassa opplæring.

### **FAU**

Fagutvalet for kroppsøving og idrett har halvårlege samlingar for alle kroppsøvingslærarar. På desse samlingane er arbeid med lokal læreplan og vurdering sentralt. Samlingane er ein arena for erfaringsdeling og kompetanseheving på tvers av skulane. Aktuelle skulelokale læringsprosjekt er også noko som blir løfta fram og diskutert.

Gjennom slike samlingar, i tillegg til diskusjonar og deling digitalt, byggjer FAUet opp ein kultur for læringsarbeid i faget. Lokal læreplan er eitt døme på slikt arbeid.

### **Læringsprosjekt med bruk av IKT i læringsarbeidet**

Fleire skular har læringsprosjekt med bruk av IKT. Nokre skular har kroppsøving sentralt i prosjekta, med mål om å utvikle pedagogisk praksis. Til dømes viser erfaringar så langt at bruk av iPad i vurderingsarbeidet verkar motivasjonsfremjande for elevane. Dei får konkret tilbakemelding og kan sjå eiga utvikling over tid.

Desse prosjekta held på enda, og vi må vente til skuleåret er over for å få ei vurdering av kva effekt ulike tiltak har/har hatt.